



Norconsult AS

Dykkar ref.	Vår ref.	Sakshandsamar	Dato
52405041/Brev planoppstart		Eirin Kongestøl Espeland, 917 61 815	09.01.2025

AF miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden – Varsel om utviding av planområde for detaljregulering – uttale

Det er no søkt om utviding av planområdet i sjø, i forbindelse med planarbeid ved AF miljøbase Vats. Planområdet i sjø er varsla utvida mot aust i Yrkefjorden då tiltakshavar «ser behov for å sikre eit større areal i sjø til våtlagring av ferdigmonterte havvindturbinar og fundament til vindturbinar».

Sør-Norges Fiskarlag sendte den 13.03.2024, uttale til varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram (vedlagt). Igjen vil ein presisere at området er av svært stor betydning for fiskerinæringa. Det er avgjerande at både areal og miljø blir ivareteke for framtidig berekraftig fiske i fjorden.

Som eit tillegg til vår tidlegare uttale vil ein vise til flyfoto (Norge i bilder) som stadfester at området blir brukt til fiske med sitjenøter og med låssetting av fangst. Eksakt plassering av sitjenøtene og lås kan variere frå år til år. Det har vore plassert opp mot fire sitjenøter langs land i Vindafjord kommune sitt sjøområde. Dette er svært miljøvenleg fiskeri med minimalt med utslepp og drivstoffutgifter, og er blant eitt av fleire fiskeri med ulike reiskap og etter ulike artar som foregår i fjorden. Visar til uttale av 13.03.2024 for ytterlegare informasjon om fiskeria.

Sør-Norges Fiskarlag vurderer at lagring og samanstilling, samt anna aktivitet som reguleringsplanen kan legge opp til, ikkje er eigna i sjøområda i Vats- og Yrkesfjorden, då det vil gå på bekostning av etablert, lønsam, berekraftig og miljøvenleg fiskeriaktivitet.

Det er etter vår og dei fleste andre si oppfatting svært lite som reelt sett tyder på at behovet for våtlagring av vindturbinar og fundament vil auka på kort- eller mellomlang sikt. Tvert imot ser behovet for slik mellomlagring no ut til å bli langt mindre enn forventa. Me ber difor om at påstått auka behov for slik våtlagring i Yrkefjorden blir dokumentert på ein sakleg og realistisk måte, for ein eventuelt går vidare med planane.



Norge i bilder – Haugalandet 2021



Norge i bilder – Haugalandet 2021



Norge i bilder – Haugalandet 2021

Med helsing
Sør-Norges Fiskarlag

Janita Arhaug
Dagleg leiar

Eirin Kongestøl Espeland
Rådgjevar

Vedlegg: Detaljregulering for AF Miljøbase Vats med sjøområde i Vats- og Yrkefjorden - Varsel om oppstart av planarbeid og høyring av planprogram (Uttale frå Sør-Norges Fiskarlag, 13. mars 2024)

Brevet er godkjent elektronisk og blir sendt utan handskriven signatur.